

Sveiten var i opplringstida forlagt på Gauldal Folkehøgskule, Melhus. Sv.f. Karlson var sjef. Sveiten hadde 2 nsvf. Blåstrud og Haukdal 3 troppførarar: Bakkelid, Eriksen og Hermansen. Det var 9 lagførarar, kvm. og 2 ukvm.

Folkehøgskulen er ingen god innkvarteringsstad for A.T. da skulen er bygd for heilt andre føremål. Arbeidet fell tungt både for befal og A.T. gutar.

Førearbeidet gjekk greit undan og 4. og 5. mai møtte gutane. Etter at alt var ordna hadde sveiten ein styrke på 138 mann.

Opplringstida vart kort. Skorten på arbeidshjelp i jordbruk kravde at sveiten snarast mogeleg vart sett inn.

2. tropp vart senda ut på onnearbeid. Tr.f. Bakkelid hadde den jobben. Ein jobb som var mykje slitsam for befalet da gutane vart spreidd over eit vidt område, men trass i alle vanskar fór ein segja at sveiten heldt mål med det ein må krevja. Bøndene hadde berre lovord om innsatsen. Utan hjelp frå A.T. ville det sett stygt ut for jordbruket i bygda og dei næraste grannebygder. A.T. fekk eit godt ord på seg - eit godt ry og heldt på a festa rot i bygdabiletet. - - -

Ved sida av onnearbeid tok sveiten på eit nydyrkingsfelt hjå Georg Stav, eit felt hjå Henrik Grøseth, eit beitefelt hjå John Rimol og tok 1200 meter grøft på tidlegare dyrka men vass-sjuk jord hjå Ola Gimse. Dei tri første felta vart ikkje ferdige før sveiten drog til Soknedal der hovudoppgåva ligg. Det er eit veganlegg som skal skaffa to grender samband med omverda og samstundes opna for kolonisasjon på den lett dyrkande jorda innover dalføret.

Hausten 1941 vart spisebrakka flytt frå garden Moan i Stør. der sveiten var forlagt i 1941, til Høgsteggen. Dit var arbeidet med veganlegget komi hausten 1941 ved slutten av 1. skift.

Brakka var ikkje på langt nær ferdig. Materialer låg slengd utover plassen og det heile s'g noko trøystelaust ut da fylkingførar Stein vik, svf. Karlson og nsvf. Haukdal kom dit opp og skulle sjå på dei arbeider som måtte gjerast. Det var i midten av mai.

Som kjend med tilhøva og folket på staden fekk eg i oppdrag å gjera leiren i stann for innrykk ca. 20. juni.

Spisebrakka skulle setjast i stann, depot skulle byggjast - eller eit brukande rom skulle innreidast i låven hjå Elev Høgsteggen, jordkjellarar skulle byggjast og vatn skulle leidast fram og leggjast inn på kjøkenet. Bygningskontoret hadde planlagt å ta vatnet frå ein bekk som renn ned millom Høgstegg-gardane. Teltplass skulle planleggjast og skisse sendast inn til sveiten for godkjenning.

Materialer til depot og jordkjellarar skulle eg freista kjøp i grenda, eller nokon annan stad i dalføret. (Noko som viste seg rådlaust seint på varen.)

På den planlagde oppstillingsplassen stod ei gammal høylø. Denne skulle rivast ned og setjast opp på ein annan stad etter samråd med eigaren.

Fylkingførar og sveitførar drog. Og så var det berre å ta fatt. Ordren var: Kjør leir til ca. 20. juni.

Eg sette meg straks i samband med nokre snikkarvante karar som eg kjende frå før og etter noko snakk att og fram sa dei seg viljuge til å hjelpa til med arbeidet, og så bar det laust.

Vi la himlingslemmer i matsalen, tok ut ein tverrvegg slik at messa vart større og ominnreidde kontordeilda. På kjøkkenet var det ei einar røyre. Bordtumpar, spon og brakkelemmer fyllte romet.

Av bryggerpannone var to køyrde innover og stod i matsalen. Den 3. og ein kokeovn stod på Moan sidan året før. Erik Moan køyrde innover både kokeovnen og bryggerpanna, og 3 bryggerpannor og kokeovnen vart monterte kring murpipa. Kjøkkenet var snart i orden.

Depotspursmålet let seg ikkje løysa fordi ingen kunne skaffa materialer. Homet på låven hjå Elev Høgsteggen var det heller ikkje råd å få så bra at det ville vera forsvarleg å lagra klær der. Elles var det òg i

leneste laget. På leiren Jordkjellaren let det seg heller ikkje gjera å bygja etter teikninga og ordren. Det fanns ikkje materialer.

Spisebrakkka stod i skrånande lende. Frå nordenden av brakka til over halvta var det bra rom under. Dette romet måtte kunna nyttast ut. Etter målning og rådleggjing vart vi samde om at det kunne bli brukande matbu, reidskapsbu og jordkjellar under brakka..

Arbeidet vart straks sett igang da tida skreid fort, og sveiten vart varsla om stoda.

Noko skrapbord og bord frå eit skur som var innklædd under låvebrua i moan vart nok til å klla inn roma under brakka. Men først måtte mange kbm. planerast bort. Matbua klædde vi invendig med kraftpapir og sette opp reol langs veggene.

Reidskapsbua vart betre innklædd og innreidinga vart gjort av ukvm. Os hus da sveiten kom etter.

Jordkjellaren vart bra. Vi tok ut mykje jord og spikra på lekter millo stolpane. Så tok vi grastorv frå veglina og frakta ned med trillebår og mura veggene. Det vart noko av det same som kjellaren på mange av dei gamle gardane i grenda. Ei naudbergning i eit knipetak. Praktisk, billeg men godt tenleg for føremålet.

På oppstillingsplassen stod den gamle høyløa. Ho skulle flyttjast. Etter samråd med eigaren vart plassen fastsett. Løa vart riven og sett oppatt på andre sida vegen rett over for spisebrakkka. Ho vart innreidd til depot for klar.

Arbeidet gjekk greit undan. Eg fekk kjøpt never til taket av ein bonde i grenda. Så gjorde vi " tekkjardonað " og kallane møtte mannjamt opp slik skikken var når nokon bad i " donað " Om kvelden var det fest med rømmegrøt i brakka som no var skinande reinvaska av nokre gjentor i grenda.

Inntak for vatnet mura vi i bekken. Vi sette dobbel mur og stampa myr-jord imillom. Røyra vart lagt og snart rann vatnet i kjøkkenet. Vaskebenk for sveiten vart bygd nedom brakka.

På ein rekognoseringstur fann eg eit sterkt oppkome med krystallklårt vatn. Det låg på eigeidomen til Arne Økdal og svært lugumt til å få vatn frå til sveiten. At dette ikkje var sett på før fann eg rart da eg frå før kjend til at bekken i hard tørke kan vere onlag borte. Oppkome er derimot alltid like sterkt etter det eigaren visste å fortelja. Det viste seg seinare at denne turen ikkje var så heilt bortkasta.

Teltplassen vart planlagt og skisse senda sveiten. To A.T.gutar kom og var med på å beisa brakka, og dei gjorde eit framifrå arbeid. Etter at dei hadde bodde vi alle tri i ei hytte ved Hamstadsjøen. Tidlegare hadde eg sykla heim kveld og morgon.

20. juni var alt klart til å ta imot gutane. I befalstelta var lagt tregolv, men i telta til gutane var lagt granbar da det ikkje var råd å skaffa materialer til tregolv.

Arbeidsoppgavor.

Sveiten skal arbeida opp vegen frå Stenbrogardane framom Økdal og vidare til Boknedalsvegen ved Økdalsmo. Når det er gjort kan det bli tale om å halda fram med vegen vidare mot Budal.

Skogane er jamt over vass-sjuke. Kva det vil segja nasjonaløkonomisk er det vanskeleg å dana seg noko meining om da det her er tale om kolosale vidder. Hovhogst har øydelagt skogtypen og forsumping av elles god bonitet er fegjen.

Innafor 3 km.grensa ligg den planlagde nybrottsgrenda ved den fagre Hamstadsjøen. Nybrottsvegen til desse felter er heller ikkje meir enn 5 km. frå leiren der den tar av frå hovudvegen og fråstanden minkar med kvart som arbeidet med vegen går fram. Det meste av vegen ligg innfor 3 km.grensa.

Alle dei gamle bruka har for lite jord dyrka og den som er er for det meste vass-sjuk. Ei hjelp her ville snart bera rike frukter.

Men det som mest trengs er fortgang på arbeidet med vegen Stenbro-Økdal. Grendene her inne har lege avstengde i mannsaldrar. Samfundet har berre vist dei at dei ikkje var gløymde kvar gong det galdt skattar og andre pålegg. Samferdsla har vore vanskeleg både sommar og vinter.

Eit teikn på framsyn og nasjonalkjensle gav seg utslag i at bonde kf. Birger Laugsand på Økdal sende skriftleg tilbod til Departementet for Arbeide

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014-
 tjeneste og rett om fri byggegrunn og ~~nytt skogland~~ fritt tømmer til leir. Han held fram at det er arbeidsoppgåvor for minst 50 år og det er nok ikkje for mykje rekna. Det er vegarbeid, skoggrøfting og skogplanting, grøfting av tidlegare dyrka men vass-sjuk jord, hjelp til nydyrking og store kanalisasjonsarbeid for dei store nydyrkingsfelter. Av dyrkbar jord og lett dyrkbar jord reknar han med minst 70 000 daa.

Flyttinga frå Melhus.

Flyttinga frå Melhus var noko av eit problem. Korleis skulle transportmidlane skaffast? Denne flokken løyste seg ved det at org. Todt stillte 5 bilar til disposisjon og Helge Lunde på Melhus skaffa 2. Han har alltid vore sers hjelpsam mot Arbeidstjenesten.

Svf. sette opp ein detaljert og grei ordre for flyttinga slik at alle visste kva dei hadde å gjera.

Laurdag 20/7 kom lossekommando og 2 kokkar.

Søndag kveld kom sjuketransporten og vart innlagt i Hage skule som var innreidd til sjukestove.

Mandag 22. kom så resten av styrken. Heile transporten gjekk heilt utan knirk. 30 mann sykla frå Melhus under leiding av trf. Eriksen. Resten reiste med tog frå Melhus til Snøan og marsjerte frå stasjonen til leiren.

Arbeidet med vegen kom snart i gang. I framtida vart det mura ein baderam av ~~XXXX~~ torv, og gutane lika seg godt trass i at det regna mest kvar dag.

Ein gammal anleggsbas var med på muring av stikkrennor og sprengingsarbeid. Det planlagde vegstykke var 1240 meter. Ved sida av vegganlegget vart det arbeid med nydyrkingsfelt hjå Karl Hage 8,3 daa og 10,6 daa hjå Arne Økdal.

For 2. og 3. tropp var det sett opp tørketelt. 1. tropp måtte bruka einen enden av matsalen.

Ved inspeksjon av distriktsveilekjaren nekta han å ta ein dråpe vatn meir frå bekken. Han peika på gjødselsig frå Høgstege-gardane. Dersom det ikkje var nytt vass-anlegg innan tri dagar skulle han vera mann for at sveit kom bort..

Det var no godt å ty til det tidlegare omtala oppkome.. Lange tvila på om det verkeleg vart sterkt nok til å halda sveiten med vatn. Berre eit fåtall optimistar truðde at det skulle greida seg, og desse fekk rett.

3. dag kunne det meldast frå at no rann vatnet frå det nye anlegg. Finaste oppkomvatn som snaut fleire sveit har maken til. Om det skulle visa seg at det blir for lite ein gong så er det berre å ta omlag 60 m. grøft og skjera av nokre andre mindre oppkome som lia er så råk på.

Det planlagde vegstykke vart ikkje ferdig. Nybrottsfeltene vart heller ikkje ferdige. Av skog vart det planta 2500 gran hjå Ottar P. Ramstad, Støren og 2500 gran hjå H. T. Hånshus, Soknedal. Hjå Birger Laugsand på Økdal vart det hogge 400 reis blandingsved.

Idretten var det vanskeleg å driva noko særleg med da ingen idrettsplass var opparbeidd. Prøvor til idrettsmerket vart tatt på vegen og oppstillingsplassen. Svf. Karlson og ukvm. Fr. J. Dahl tok merket i gull.

Etter at sveiten var dimittert vart det gjort noko ominnreiding i brøka slik at ho no er heir tenleg for komande innsats.

Grenda.

Grenda har si mangslungne søge, og mange ting og nemningar peikar attende på denne søga - ei faren stordomstid. I dagleg tale blir grendene kalla hosokna. Dette peikar på at det ein gong var eit eige sokn her. Kjørkja stod på garden Moan i Støren. Det er grave på eigeodomen, men ingen funn er gjort. Jordsmønet er sandblanda aur under matjordlaget og i slik grunn rotnar og smuldrar ting av organisk natur svært fort.

Ved Ramstadsjøen er det ein stad som blir kalla Prestslettet. Her stod det til for nokre år sidan ei utgammal ripsbusk utan at det fans fleire av arten på langan leid. Her har vel vore prestegard og det er naturleg for her gjekk samferdslevegen. Ramstadsjøen ligg midt i stortrafikken millom Trøndelag og Sør-Noreg. Norpå høgda er det ei gring som den dag i dag blir kalla Allmanngrinda. Eine grindstolpen er ein utgammal kraka og har nok sett mange

slag ferdafolk. Røvarar, fredelege bønder og husmenn, jaktfolk og ikkje å gløymske pilegrimane som søkte sjølebot og lækjedom ved sølvskrinet til Heil Olav i Midaros.

Ferdavegen tok opp frå Mosand i Støren, ~~gjekk~~ oppover skogane, gjennom Råppådalen og kom fram på Veltet der Allmanngrinda står. Gjekk så framover Prestslettet langs sjøstranda og vidare sørover dalføret mot Budalsfjella og over til Os i Østerdalen. Denne vegen før eingong skindklædde birkebeinar med kongsbarnet. Ein hard tur vintertida som så mange andre etter denne vegen.

I si tid kom Armfeldtsvenskane etter vegen. Dei plyndra bygdene for matvarar. Den trauste Økdalsbonden fekk vita at dei kom. Den tida var garden i si velmakt, og segna segjer at i brudlaupet til denne bonden kunne garden sala opp 18 hestar til kjørkjeferd.

Da bonden høyrde at svenskane kom sette han langbordet ut på tunet og duka opp av det beste garden kunne by.

Svenskane kom. Økdalsbonden stod på tunet i finaste puss, helse var leg på soldatane og bad dei raust setja seg til bordet da dei vel var mat-huga etter turen. Dei kom frå hovudkvarteret på Følstad i Støren.

Korleis det vidare gjekk svenskane og bygdafoket veit ein lite om, men på Økdal tok dei ingen ting da dei fór. Andre stader vart stabura tømde.

I storstua på Økdal står framleis bordet som svenskane åt ved. Noko smabord er det ikkje. Plata er over 60 cm. breid. Tjukna er innpå 4 tommar. Alt i ein planke. Økdalsskogen har nok ein gong havt mange slike kjempetre som denne bordplata vitnar om. Plata kviler på to digre stabbar av malmfuru som òg plata sjøl er av.

Det er såleis sogerike grunnar A.T. marsjerar fram etter. Den planlagde vegen går stort sett etter same lina som den gamle pilgrimsvegen, og det har mykje å segja for grenda at vegen snarast blir driven fram.

Mange held fram at det er høgfjellsleir og vonlaust for kolonisasjon. Ingen ting er meir gale og missvisande. Det vitnar om mangel på lokal-kjenskap. Stenbrogardane får òg viss god byggavling. - Ja sjøl kveite har dei fått bra avling av i gode år. Kring Rømsdalsjøen er det heilt òrsikkert, og sikrare vil det bli når A.T. har tatt dei store kanaliseringsarbeid og sureveta blir tappa ut av ac dei ti-tusener av mål myr.

Det er ei nasjonaloppgåve av dimensjonar å føra denne vegen fram. Samfundet må ein gong visa at folk som bor i utkantane ikkje berre har plakter overfor smafundet men òg noko rettskrav på dei goder som andre lag av folket er til del. Ein når aldri fram til sann nasjonalsosialisme dersom borgarane i ymse lutar av samfundet berre er gode nok når det gjeld skattar og tvangspølegg. Staten må òg yta noko synleg og varande vederlag.

Brukande kommunikasjonar er noko som kvar einaste borgar av det nye Norge har krav på.

Dei røymslor eg har hausta i A.T. er mange....ja både gode og mindre gode. Vi må koma så langt at kvar einaste befalingsmann i A.T. ~~har gjennomgått jordbruksskule...er agronom~~. I dei høgst stillingar Landbrukshøgskulen. For sveitbefalet kan landbruksskulen vera god nok når ein har fullt kurs. Som det er no har vi mange som ikkje har det minste skjøn på jordbruksarbeid og skogbruksarbeid....ja dei er heilt null når det gjeld praktisk arbeid i det heile, fordi dei aldri sjøl har gjort ei retteleg dagsverk og kjenner på sin eigen kropp kva arbeidet er. Dei blir såleis tomme kritikkarar som ikkje har noko grunnlag for kritikken sin, og dette verkar igjen slik at kritikken berre blir negativ utan å peika på kva som må gjerast for å retta sakene.


Jens Haukdal.
nsvf.